



Ole Jørgen Lunde  
Hopsdalsvegen 176

5915 HJELMÅS  
FanAgro

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/1477 - 18/20298

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
21.11.2018

## Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 192/5 Hopsdal

### Dokument:

Søknad om bygging av landbruksveg frå Fana Gro innkome 09.05. 18  
Saka sendt Fylkesmann og Hordaland fylkeskommune til uttale 22.06. 18  
Uttale Hordaland Fylkeskommune innkome 04.09. 18

### Lovgrunnlaget:

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova.

### Saksutgreiing

Det vert søkt om bygging av ein ca 200 meter lang landbruksveg vegkl 5 frå kommunevegen til Hopsdal og opp til tunet på gnr 192 bnr 5. Dette er eit småbruk med ca 15 dekar innmark 60 dekar produktiv skog og ca 20 dekar snaumark. Eigedomen har vore utan fast busetnad i lang tid men den nye eigaren vil setja husa i stand busetja seg på eigedomen og driva jorda og eigedomen. Til denne tid har det ikkje vore bilveg fram til tunet og det vil såleis vera umogeleg både å setja husa og eigedomen i stand utan ein tenleg veg. Vegen er sendt regionale mynde til uttale Hordaland fylkeskommune/Fylkesmannen i Hordaland (Landbruk og Miljøverna delinga) utan at det er kome merknader til bygging av vegen.

### Vurdering:

Dette er ein mindre landbrukseigedom eigedom med eit begrensa resursgrunnlag, men desse eigedomane må ein og ta vare på av omsyn til busetnad og kulturlandskap at dei vert haldne i hevd. Ut frå søknaden slik den kom inn så gjekk den i fleire svingar opp gjennom innmarka og med breide utviding som ein må ha i kurvene så øydela den ein del av bøane. Etter å ha sett på dette med entreprenør så vart vegen lagt om slik at ein no får ein langt mindre dominerande veg. Kommunen har vurdert vegen og ut frå Naturmangfaldlova sin § 7 utan at ein kan sjå at vegbygging og drift rundt denne vil ha negativ verknad på naturmangfaldet i området. Ein har og vurdert det slik at vegbygging slik som den no er planlagt ikkje vil føra til auka flaum og rasfare.

### Vedtak:



Det vert synt til saksutgreiing og med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av gardsveg frå den kommunale vegen til Hopsdal og fram til turet på gnr 192 bnr 5 Hopsdal. Vedtaket gjeld fram til utgangen av 2021.

Ein vil elles gjera merksam på at det er meldeplikt etter kulturminnelova § 8 2, 2. ledd dersom det under arbeid vert avdekkja kulturminne, gjenstandar under arbeid med vegen så skal arbeidet stansast og strakst meldast til Hordaland fylkeskommune.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**